



- No går vi inn i lyngtida, seier Gro. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gro Hjelmeland er framleis fornøgd med salet, men frå og med imorgen justerar ho opningstidene for Gros Blomster.**

**Det er hardt å vera åleine i ei verksemd og Gro ynskjer å letta litt på arbeidsbelastningen.**

- Kva er det som skjer?  
- Eg flyttar langdagen frå torsdag til fredag, men har framleis ope til klokka 18.  
Men heretter opnar eg klokka 10 alle dagar i staden for klokka 9.  
Men eg har som før ope til klokka 16.30. Lat meg presisera at hvis eg er her før klokka 10, opnar eg sjølvsagt for eventuelle kundar. Og eg kan nåast på telefonen!

- No har du snart halde det gåande i 2 år med blomebutikk i Uskedalen. Korleis er erfaringane?

- Eg er framleis godt fornøgd, men det er mykje arbeid når en er åleine. Eg må innrømme at eg er sliten av og til.

Av Ola Matti Mathisen